

Kunnskapsdepartementet

Dato: 15.02.2018
Vår ref.: 2015/11453-118
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Ny organisering av fagskulesektoren i Kunnskapsdepartementet og ved ministerpostane

Styret for Fagskolen i Hordaland drøfta i møte 24.01.2018 den nye organiseringa i Kunnskapsdepartementet og dei tilhøyrande ministerpostane i høve til fagskulen si plassering. Med bakgrunn i arbeidet som er gjort for å styrke fagskulesektoren, og at regjeringa har definert utdanninga som høgare yrkesfagleg utdanning, kan det verte oppfatta som ei reversering av desse tiltaka når fagskuleutdanninga vert plassert i same avdeling som barnehage, grunnskule og vidaregåande utdanning.

Styret for Fagskolen i Hordaland ber om informasjon om kva som er årsaka til at regjeringa har valt ei slik organisering av fagskuleutdanninga og kvifor fagskulen ikkje vert plassert saman med anna høgare utdanning.

Roald Kvamme
styreleiar
Fagskolen i Hordaland

Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.